



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 09.11.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	9142/10	020	FSK/FEL/VIST/ådh	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 29.10.10

Desse møtte: Hanne Hope, Amalie Helland, Jostein Gjerstad, Elisabeth Ebbesvik, Aina Hestad og Vibeke Øxnevad Stoltz.

Forfall: Ida Marie Kjærefjord Lavik, Veronika Hestad Kjøndal, Jøran Dalland, Rebekka Instøy Dalland, Andreas Langeland og Matias Helland.

Tid: kl. 19.00

Stad: Tysneshallen

Sakliste:

73. Opning

Hanne opna og leia møte

74. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent

75. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

76. Godkjenning av referat 15.10.10

Godkjent

77. Statusrapport økonomi

Ingen endringar

78. Konstituering – val av leiar og nestleiar

På grunn av noko svakt frammøte vart valet utsett til neste møte.

79. Handsaming av sakliste

a) Kråkerei, ope etter skuletid?

Hanne har snakka med Tysnes ungdomslag om å utvida opningstida i ungdomsklubben til annankvar onsdag og i tillegg ha ope måndag og torsdag etter skuletid frå kl. 14.00-18.00. For ungdomslaget er dette i orden og Markus Dalland og Erlend Tvedt er viljuge til å stilla som vakter etter skuletid når dei har høve. Foreldrevakter må i tillegg skaffast. Husleige-

kostnad pr måned vil verta kr 2.000,-. Rådet var positiv til opplegget, førebels som ei prøvordning.

b) Dansekurs

Tilbakemelding frå ”Kom og Dans” swingkurs, 28. nov eller 11. des. på dagtid i Vonheim. Kostnad kr 2.500,-. Øvre aldersgrense 25 år, bindande påmelding. Møtet meinte laurdag 11. desember vil vera aktuell dato. Hanne gjev tilbakemelding.

c) Sosial tur

Møtet var samde om å arrangera ein sosial tur til Kvamskogen i løpet av året. Diskusjon kring strategi for neste år vil verta ein del av programmet. Hanne undersøker nærare.

d) Kafè v/kinodrift

På møtet om ”Ungdom og tilbakeflytting” var det fleire som ønskte eit kafètilbod/møteplass før og etter filmframsyningane i Grendatun. Kjetil Hestad har vend seg til ungdomsrådet med denne saka. Grendatun kino må kontaktast for synspunkt og korleis dette eventuelt praktisk kan løysast. Hanne tar kontakt med kinosjef Vidar Lid.

80. Ymse

a) Jostein stilte i Bergen 18.okt. for å delta på møte vedk. Ungdommens klimapanel. Dessverre vart møtet avlyst utan at Jostein hadde fått informasjon. Vibeke gjev tilbakemelding til Hordaland barne- og ungdomsråd.

Vibeke Øxnevad Stoltz
referent